

Sandnes nordgard

Av Knut Raastad, 2017



Nordgard Sandnes gnr. 89 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Sandnes er nemnd frå 1386 som i Sandnesse, Sandnæs 1432, Sannes 1488, Sanneß 1574-1577, Sandnes 1578, 1594, 1604. I 1386 er nemnd nördre Sandnes så da er Sandnes delt.

Jordebok 1577 og seinare og bygningsskatten 1604 nemner nordgard Sandnes som halvgard.

Koppskatten 1645 nemner Peder Sandnes og hans hustru. Matrikkel 1647 nemner Sandnes som halvgard og Peder Sandnes som brukar av 1 ½ hud som han eig saman med sine loddeigarar. I 1660 var det skifte etter Peder Jonsen. Han var gift med Sidsel Lauritsdtr., barna var

- Knut Pedersen
- Anne Pedersdtr.
- Brynild Pedersdtr.
- Ingbjør Pedersdtr.
- Marit Pedersdtr.

Manntal 1666 nemner Sandnes som halvgard med skyld 1 ½ hud med engeplass derunder på ½ hud. Denne engeplassen er Sandnesteigen eller Borgateigen i Vårdalen som er nemnd under Sandnes i 1661. Knut Sandnes er nemnd som oppsitjar i 1661 og 1666. Matrikkelen 1668 nemner at han har seter på Nistingen. Han eig da 1 hud 3 skinn i Sandnes medan Johannes Berge eig 3 skinn.

I 1682 får Per Bårdsen Sandnes gavebrev av Knut Sandnes og kone på del av Sandnes. Samtidig kjøper han 3 skinn i Sandnes for 12 rd. av Jon Jonsen Rudland på Fron. Skoskatten 1711 nemner Peder Sandnes.

Peder Bårdsen d.ca. 1720 var gift med Eli Arnesdotter. I 1720 var det skifte etter Peder Bårdsen. Peder og Eli hadde 3 barn:

- Jon Pedersen f.ca.1695, neste brukar
- Guri Pedersdtr. f.ca. 1697, g.m. Ole Jonsen
- Knut Pedersen f. ca. 1704

I 1725 fekk Jon Pedersen skjøte frå broren Knut på 9 3/5 skinn for 48 rd.og frå systera Guri på 4 4/5 skinn for 24 rd., saman med sine egne 9 3/5 skinn får han samla skyld 2 huder.

Jon Pedersen hadde 3 barn:

- Peder Jonsen, neste brukar
- Eli Jonsdotter, f. ca. 1727 d. 1806, g.m. Jon Engebretsen syg. Valde 1732-1820
- Ragnhild Jonsd. g.m. Lars Jonsen Rusnes

I 1760 var det skjøte frå Jon Pedersen til sonen Peder Jonsen på 2 huder, føderåd er for til 1 hest, 2 kyr, 6 sauer, 1 jordstykke og sømeleg jordeferd. Betaling 45 rd. til kvar av systrene. Peder Jonsen var gift med. Anne Østensdotter sygard Sandnes 1740-1820, dei hadde 5 barn:

Eldri Pedersdtr. 1760-1763
Jon Pedersen 1763-1824, neste brukar
Eldri Pedersdtr. f. 1766, hadde sonen Iver Jacobsen f. 1798
Østen Pedersen 1770-1844
Johannes Pedersen

Peder Jonsen skjøter i 1789 nordre Sandnes 2 huder til sonen Jon Pedersen for 300 rd.
I 1796 var det skifte og føderådskontrakt mellom Jon Pedersen og foreldra. Jon Pedersen vart
1807 gift med Rønnaug Syversdotter sygard Sandnes, føderådskontrakt mellom dei 1816.

Jon Pedersen skjøter i 1819 Sandnes m/lausøyre til broren Østen Pedersen for 500 spd.
Østen Pedersen vart 1830 gift med Anne Simensdotter Øy f. 1795.

Østen Pedersen skjøter i 1832 nordgard Sandnes m/lausøyre til Hans Simensen Øy 1811-1847
for 300 spd. og føderåd. (Hans Simensen Sandnes selde 1842 Sandnesteigen i Vårdalen til
brukaren av sygard Brimi.) Hans var bror til Anne, og etter han døydde i 1844 gjekk garden
attende til Anne. Skjøte til enka Anne Simensdtr. for 1290 spd. er i 1853.

I 1853 var det kjøpekontrakt med overføring av Sandnes frå Anne Simensdtr. til Gudbrand
Olsen Haave, kjøte er frå 1858.

I 1862 var det kjøte frå Gudbrand Haaves enke og arvingar til Ole Andersen
Prestegaardsødegaard. Men same året var det kjøte vidare frå Ole Andersen til Thor
Sevaldsen Blakar for 2350 spd. Thor Sevaldsen Blakar 1822-1914 var gift med Barbro
Johannesdtr. Einarsvold 1829-1899, dei hadde 4 barn:

Barbro Torsdtr. 1857-1933
Rønnaug Torsdtr. 1861-1929
Sevald Torsen 1865-1958
Rønnaug Torsdtr. 1867-1944

Mellom 1865 og 1875 bytte Thor Blakar gard med Ivar Johannessen på sygard Sandnes. I
1875 var det syster til Ivar, Aase Johnsdr. f. 1824 som bestyrte garden for bror sin som da
var på nordgard Storvik. Mora Gunhild Ivarsdtr. f. 1780 og dotter til Aase hadde flytta med
frå sygard. Aase hadde utanfor ekteskap med Pål Pålsen Sve 1824-1885 dottera
Anne Pålsdtr. 1852-1928, neste brukar.

Anne Pålsdotter 1852-1925 vart 1878 gift med John Johnsen Strand ø. 1854-1943 son til
John Pedersen Strand f. 1829 og Kari Johnsdr. Nettet 1828-1894. John Johnsen Strand som
var bestyrar på Vågå Handelsforening overtok garden frå Ivar Sandnes som hadde flytta til
nordgard Storvik. Skjøte frå Thor S Blakar vart ikkje tinglese før i 1882, da var det til John
Johnsen Strand og prisen var kr 10000,-. Nistingssetra og plassen Lillehagen skulle ikkje
tilhøyre Sandnes etter salet. I samband med makeskifte vart setra i Bessa fråskild som gnr. 89
bnr. 3 og overført til nordgard Storvik i 1886.

John og Anne hadde 8 barn:

Kari Johnsdr. f.1878, gift 1897 med Peder Hansen Storviksøygard f. 1875. Til USA.
Åse Johnsdr. f.1881, til USA
Gunhild Johnsdr. f.1883, til USA
Iverine Johnsdr. 1885-1949
John Johnsen f.1888, til USA

Mari Johnsdtr. f.1892, til USA, gift med Hans Baltersen Sæter f.1886, Lom
Paul Johnsen f.1895, til USA
Per Johnsen, f.1895, til USA

I 1911 selde John J Strand nordgard Sandnes til Hans Johannesen Storvikløyken med skjøte for kr 7000,-. I 1913 tok svigeren til John Strand att garden på odel, Hans B Sæter fekk odelsløysingsskjøte for kr 7900,-. Hans B. Sæter frå midtre Vetlsæter og Mari Sandnes hadde 2 barn:

Hanna, gift med Ed Øverli
Bjarne

I 1928 reiste Hans og familien til USA og broren Ragnvald overtok. Skjøte til Ragnvald Lillesæter for kr 12000,- er frå 1936. Ragnvald Baltersen 1895-1982 frå midtre Vetlsæter var son til Baltser Hansen Lillesæter f. 1860 og Embjørg Olsdtr. søre Vetlsæter f. 1859. Ragnvald vart 1923 gift med Mari Olsdotter Løyften 1900- dotter til Ola Olsen 1853-1922 og Oline Nilsdtr, 1857-1943. Ragnvald og Mari hadde 5 barn:

Ragnhild f. 1923, g.1949 med Trygve J. Bakke f. 1923, i midre Vetlsæter
Bjarne f. 1924
Oline f. 1926, neste brukar
Ingebjørg f. 1930
Oddrun f. 1940, gift 1958 med Jørgen I. Øvre f. 1933

Oline vart gift med Aslak L. Barlund f.1922, son til Laurits Sylfestsson 1893-1944 og Tora Andersdtr. nordgard Krøkje d.1971. Oline og Aslak overtok Sandnes i 1972 og har 4 barn:

Marie f. 1950, g.m. Harald Grasdalsmoen f. 1944
Leif f. 1956, g.m. Torø Nyøygard
Åge f. 1959, neste brukar
Unni f. 1968, sbm Rune Stade

Åge Barlund overtok drifta i 1995. Med Heidi Stade var barna

Ronny 1984-2003
Anders f.1990

Med sambuar Kari Myren er barna

Martin f.2000
Nils Ole f.2002

I 1668 vart det på nordgard Sandnes fødd 12 fe, det var 2 hestar og det vart sådd 3 tønner.

I 1875 var det på nordgard Sandnes 1 hest, 6 uksar, 11 kyr, 8 kalvar, 25 sauer, 90 geit og 2 grisar, medan det vart sådd ¼ tonne rug, 10 tønner bygg, 1 tønne blandingskorn, litt erter og 7 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Pål Øystein Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, s. 8

Folketelling 1801, 1965, 1975 og 1900

Opplandsarkivet Vågå: Utskrifter pantebøker, panteregister, grunnbok, skifteprotokollar, kyrkjebok for Vågå
Koppskatten 1645, matrikkele 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.